



LINDÅS KOMMUNE
RÅDMANNEN

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 4. 03. 2014	
Ark. Serienr.	Leidnr.
Søkal	Tilgjengelig

PLAN FOR TILSYN AV BARNEHAGAR I LINDÅS KOMMUNE

Alle kommunane skal utarbeida ein tilsynsplan som skal vera kjent for barnehageeigar, barnehage tilsette og foreldre.

Då vi har mange små kommunar ynskjer vi å samarbeida om tilsynet på tvers av kommunegrensene, jamfør pkt. 3.2.3 i Veileder for tilsyn med barnehagar.

Det er kommunestyret som har det øvste tilsynsansvaret og som avgjer kva organ som skal utøva tilsynet.

Målsetjing med tilsynet er:

- Å sikra brukarane sine rettar.
- Å sikra born gode oppveksttilhøve.
- Å sikra at barnehagen vert driven i samsvar med lov, føresegner og kommunale vedtak.
- Å sikra den pedagogiske kvaliteten i den enkelte barnehage.

I Kunnskapsdepartementet sin veileidar om tilsyn står det:

”Kommunen som barnehagemyndighet innehar tre funksjoner når de skal sikre at barna får et godt og forsvarlig barnehage tilbud:

** Aktiv veiledning av barnehager som sikrer de krav som settes i barnehageloven med tilhørende forskrifter jf §8*

** Godkjenning etter vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. § 10, jf. §§ 1 og 2.*

** Tilsyn som virkemiddel for å sikre at kvaliteten på tilbudet til barna er tilfredsstillende*

Lovgrunnlaget for tilsyn

Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehageloven) § 16 bestemmer at kommunen skal føra det lokale tilsyn med verksemdar (kommunale og private) etter denne lov. Lovens § 8 femte ledd sikrar tilsynsorganet rett til innsyn.

Tilsynet skal primært utførast for å kontrollera at barnehagen vert driven i høve til:

- Lov om barnehagar og skal eventuelt avdekka ulovlege eller uforsvarlege tilhøve, og stilla krav om utbetring.
- Rammeplan for barnehagar for å ettersjå at barnehagen sitt faglege innhald er i samsvar med denne.

Lovheimel for tilsyn i barnehagane er regulert i Lov om barnehagar. Hovudfokus for tilsynet er pedagogisk vurdering av barnehagane i høve til rammeplanen.

Dersom tilsynet avdekkjer problem som er regulert i anna lovverk eller forskrifter, vil det bli teke kontakt med dei kommunale etatar som er ansvarleg for dette feltet.
(jfr §16 Lov om Barnehagar)

Dette kan vera:

- Forskrift om sikkerhet på lekeplassen (19. juli 1996).
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.m. (01.12.95).
- Lov om brannvern.
- Lov om produktkontroll.

Tilsynsorganet kan iverksetja pålegg dersom det vert avdekka uforsvarlege eller ulovlege tilhøve i barnehagen. Om naudsynt kan tilsynet stengje verksemda, tidsavgrensa eller varig. Barnehageeigar kan påklaga vedtaket til Fylkesmann.

Tilsynsmetode

Tilsynsmetode vil seia den strategien tilsynet vel for arbeidet sitt.

1. Systemrevisjon

Er nært knytt opp mot internkontrollsystemet og skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande lovverk. Dette tilsynet skal vera planlagt og varsla.

2. Tematilsyn

Tilsyn i høve til enkelttema i barnehagelov og rammeplan. Tilsynsorganet vel tema, tidsramme og metode for gjennomføring.

3. Inspeksjonstilsyn

Tilsyn basert på aktuelle hendingar eller situasjonar i løpet av eit driftsår. Tilsynet kan vera meldt eller uanmeldt. Tilsynet vert ofte utløyst av klager og bekymringsmeldingar frå foreldre, tilsette eller andre.

4. Områdeovervaking /tilstandsvurdering

Tilsyn basert på statistikk og systematisert datagrunnlag innhenta gjennom kartlegging/utfylling av skjema om verksemda.

Organisering av tilsynet:

Tilsynet vert gjennomført av rådgjevar barnehage i Lindås kommune og ein person frå anna kommune med barnehagefagleg kompetanse.

Gjennomføring

- Kommunane vil i første rekkje utføre varsla tilsyn.
- Ikkje varsla tilsyn kan verta gjennomført på bakgrunn av bekymringsmeldingar.
- Omfanget av tilsynet kan variera. Til vanleg skal alle barnehagar ha minimum eit tilsyn kvart fjerde år.
- Ulike tema kan i periodar få auka fokus, til dømes ulike satsingsområde.
- Informasjon om tilsynet vert sendt ut til barnehagane i god tid før gjennomføring.

- I denne perioden vert det innhenta nødvendig dokumentasjon knytt opp mot tilsynet: årsplan, vedtekter og spørjeskjema til eigar og tilsette.
- Under tilsynet vert det sett av tid til samtale med eigar (private barnehagar), styrar og andre tilsette i barnehagen, evt. representant frå SU.
- Det vert og sett av tid til synfaring både på uteområdet og innandørs i barnehagen.

Tema for tilsyn kan vera:

- Barnehagen sine vedtekter.
- Barnehagen sin årsplan.
- Dokumentasjon og vurderingsarbeid.
- Borna sin rett til medverknad.
- Foreldresamarbeid.
- Samarbeidsutval.
- Leike- og opphaldsareal.
- Bemanning.
- Opplysningar om borna.
- Tilskot.
- Rammefaktorar.

Den einssilde kommune avgjer sjølv kva tema som skal vektleggjast under tilsynet. Dette vert kunngjort i varslingskriv.

Rapportering

Etter kvart tilsyn skal det skrivast rapport. Denne skal underskrivast av dei som har utført tilsynet. Utkast av rapport skal sendast til barnehagen for gjennomlesing før endeleg rapport vert underskriven. Det vert såleis gjeve rom for å drøfta innhaldet i rapporten. Den einssilde kommune avgjer kven som skal ha kopi av rapporten.

Dersom det vert avdekka ulovlege eller uforsvarlege tilhøve som medfører pålegg, skal dette gå fram av rapporten. Alle pålegg skal grunngjevast utifrå lov om barnehagar, jamfør §16. Pålegg om retting og stenging skal gjevast i form av enkeltvedtak, jamfør forvaltningslova.

Kommunen sitt vedtak om retting og stenging kan klagast til fylkesmannen, jamfør forvaltningslova.

Omgrep knytt til tilbakemeldingsrapporten i samband med tilsyn i barnehagar:

Avvik- brukt der barnehagedrifta ikkje fyller barnehagelova sine krav på det enkelte tilsynspunkt.

- Avvik skal sendast til barnehage og eigar og må innehalda fristar for retting og plan for oppfølging.

Oppfølging

Tilsynsrapportane dannar grunnlag for ein årleg rapport til politisk nivå, og kan til dømes knytast opp mot årsmelding.

Kvar kommune må utarbeida rutinar for oppfølging av pålegg. Desse må innehalda fristar, reglar for oppfølging og planar for nye tilsyn.

Kvar kommune bør ha gode rutinar for tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for å kunna samordne alle planar og rutinar for tilsyn.